

Osingen



Lokalhistorisk årsskrift 2002

Utgjeve av Os Mållag

18. årgang

Osingen

Utgeve av
Os Mållag 2002

INNHOLD:

Jimmy Øvredal:

Ta meg medside 3

Bernt Kristiansen og Lars Skorpen:

Treskjerarane
Ola og Jakob Hjelleside 4

Gustav Moberg:

Samtale med Jakob
Hetleflåt snr.side 9

Barnesider:

Elevar frå
Nore Øyane skuleside 14

Anders Hauge:

Der måndagar ikkje finst ...side 18

Barbra Røttingen:

Vektlause draumarside 20

Magnhild Midthus Næss og Kåre Herdlevær:

Os Pensjonistforening
25 årside 27

Nina Gading

Kristiansen:

Å samla på papirdokkerside 31

Teikningar: Vidar Mæland

Framsida:

Ola og Jakob hadde begge oppdrag for Os kyrkje, mellom anna desse brurestolane, eit dåpsskrin, ei kollektbøsse og ymse restaureringsarbeid.

Skriftnemnda:

Anna Margreta Lunde
Elfrid Moberg
Gustav Moberg
Lars Skorpen
Kåre Herdlevær

Trykk: Geo Grafisk AS Bergen

Kr. 30,-

Til lesaren!

Dei store namna som var med å arbeida fram nynorsk som skriftmål og bruksmål sist på 1800-talet og først på 1900-talet har hatt sine minnedagar. I 1996 var det 100 år sidan Ivar Aasen døydde. Mannen og arbeidet hans vart høgtida på mange vis. I 2001 var det 150 år sidan ein annan storkult i den norske bokheimen, Arne Garborg, vart fødd. Minnet om han vart også høgtida på høveleg vis, om enn ikkje så storslege som for nynorsken sin "far", Ivar Aasen.

I år er det 100 år sidan Elias Blix døydde. Salmediktar og teologisk professor, som ikkje fekk lov til å halda preik i kyrkja i Gildeskål, der han var i frå. Men som det norske folk har heidra på si vis, ved bruk av dei folkekjære salmane: "No livnar det i Lundar", "Gud signe vaart dyre Fedraland" og ikkje minst, Nord-Noreg sin song framfor nokon "Aa, eg veit meg eit Land langt der oppe mot Nord" og mange fleire.

Då Ivar Aasen si "Det norske Folkesprogs Grammatik" og "Ordbog over det norske Folkesprog" kom ut var det mykje ros og vellæte i fagskrift og blad. Den store autoriteten i språk og historie på den tid, P.A.Munch skreiv m.a. "Nu kan alle se at den ældgamle, mer end tusindaarige Norrønatinge endnu kraftigen lever og rører sig hos Folket og med en egte, oprindelig Klang, som man endog paa Island forgjeves søger".

Det er mange som har vore med på å føra Ivar Aasen sitt arbeid vidare. Mellom andre Noregs Mållag, som Os Mållag er med i. Ivar Aasen sitt arbeid var grunnlaget. Men alt er i utvikling, ikkje minst språket. Difor har vi no eit levande nynorsk språk som kan nyttast i alle lag av folket, om viljen er til stades.

Os Mållag er glad for å vera med å arbeida for nynorsk språk i alle samanhengar. Mållaget freistar såleis å gjera sitt til å spreia kunnskap om og bruk av nynorsk i skule og barnehage og i arbeidslivet. Trass i stort press mot nynorsken er vi framleis optimistar og går inn i eit nytt år med tru og framtidsvon.

Gledeleg Jul

Helsing frå skriftnemnda

Helsing

Til _____

Med dei beste ynskje om god jul og eit godt nytt år!

Frå _____

Ta meg med!

Av Jimmy Øvredal

Ta meg med når du vassar i fjøresand
- **i tanken**, om ikkje meir,-
og skuvar ein oselvar stilt frå land,
og ror som i sylv mot ei løynleg strand
- som villand mot bortgøymt reir!

Ta meg med når du sigler i solgangsvind
- **i tanken**, om der er rom,-
og gje meg ei teskei av freden din,
og kanskje ei rose frå raudleitt kinn,
og nellik av bylgjeskum!

Ta meg med når du slit imot vind og straum,
- **i tanken** – om der er plass-,
og rydd meg ei krå i din løynde draum
når bylgjene slær imot su og saum,
og vinden er strid og kvass!

Ta meg med når du sigler for siste gong,
- **i framskuten**, om du vil,
og syng meg i kvelden ein avskilssong,
frå plassen din bak i ei sliten rong,
når timen er mjuk og still!

Ta meg med der i båten ein solgladd kveld,
når brisen står lett frå land,
- til landet ditt bakom dei fjerne fjell
med solbrende kantar av naken eld
der vest ved ei ukjend strand!

Denne artikkelen finn ein første gongen i eit lite hefte utgitt i samband med ei Hjelle-utstilling midt på 1990-talet. I redaksjonen sat **Bernt Kristiansen** og **Lars Skorpen**. Mange fine arbeid av «far og son Hjelle» vart utlånte frå velvillige til utstillinga. Langt fleire vart registrerte og mange vart fotograferte av **Hilmar Flaterås**. Materialet vart overlevert til kulturkontoret.

Hefte vart gitt som klassesett til Os-skulane med helsing frå «Fritio i Os». Dersom du er interessert i heftet, som har breiare bilettilfang enn denne artikkelen, kan du ta kontakt med Lars Skorpen.



Treskjerarane Far og son

Ola og Jakob Hjelle

Den eine var ein ordens mann; streng, disiplinert, tru mot klokka og arbeidsdagen. Han kunne ha folk i arbeid i eiga verksemd.

Den andre var minst like dugande som arbeidsmann – dersom ikkje vêret eller skogen eller elva vart for herlege distraksjonar. Han var fri i sjel og tanke. Difor levde han i lange periodar frå hand til munn.

Du skulle ikkje tru dei var i slekt.

Men det var dei, far og son: Ola O. og Jakob Hjelle. Og trass i ulikskap hadde dei ein ting felles: yrket. Dei var treskjerarar som det står respekt av langt utanfor Osbygda. Men òg innanfor faget hadde dei kvar sitt felt, kvar sitt handelag. Ola laga møblar etter gyldne reglar, ornamenterte i renessanse eller rokokko alt etter kundens krav og moten i tida. Jakob meistra òg stilartane, men la ofte inn meir «kjøt og blod» og fantasi i arbeidet.

Tre-slekta

Eldstebroer hadde odelsrett til jordlappen, dei yngre tok opp sideyrke etter faren. Slik var det alle stader, og slik vart det kontinuitet og utvikling innanfor jordbruket, fisket og handverket. Når ein gut i Os arva det faderlege handelaget, var det svært ofte knytt til trearbeid. For skog og vyrke var det råd å få, jord var det verre med. Os vart ei trearbeidsbygd og etter kvart ei treindustri-bygd.

Slekta Hjelle er framifrå døme. Her var det bygningsmenn, snikkarar og treskjerarar i generasjonar. Fleire av dei var industri-reisarar – i høgaste grad sjølvstendig næringsdrivande – og somme vart bygdefolkets talsmenn i ulike tillitsyrke. Friluftsmenn og jegarar kunne dei vera; i Os-soga er til dømes to brør Hjelle nemnde som «kjende reveskyttarar». Også dette var odel og arv. Eit sterkt prov i så måte er Jakob Hjelle som er den eine av dei to hovudpersonane i dette heftet.

Men det er kunsten å arbeida i tre som er det viktigaste temaet vårt. Difor tar vi først eit blick attover til bakgrunnen: Ola Morteinson Hjelle



Servert av Ola...

Denne seidelen i mahogny, eit framifrå døme på godt handverk, skar Ola Hjelle då han sat i tysk fangeleir på Espeland i 1945. Det var leirkommandanten som krov arbeidet gjort.

Under oppgjeret i 1945 kom osingen og politimannen Øystein Djuvik over seidelen og sytte for at han ikkje forsvann ut av landet. Djuvik møtte sjølv på Troppabakken og gav seidelen attende til familien. Ved arveskiftet fekk Inge Hjelle klenodiet.



Servert av Jakob...

Denne ølbollen skar Jakob av ei bjørkeklotre i 1952 til Bernhard Berge. Modellen er sjølvaste Fanden: Du skal halda i horna og drikka av truten. Innskrifta lyder: «Øl ska du sky, da æ Satans spy! So seie some. Men har eg å by, so ska han få spy te adle tøkje æ tome.» Eigar er Bjarne Øvredal.

(1836–1915) var gardbrukar på Hjelle, men også møllar, bygningsmann og snikkar. Han var m.a. med på å byggja Os-kyrkja i 1870. Ola og kona Brita fekk borna Hans, Lars, Ingeborg, Marta og Ola. Eldstebrørne var gardbrukarar, snikkarar og bygningsmenn (Hans dessutan møllar). Lars tok til med å laga ski då han gifta seg. Saman med Hans starta han etter ei tid ein ski- og kjelkefabrikk på Hjelle som Hans sidan dreiv vidare som dreieverkstad. Lars bygde opp ein ny skifabrikk (der Shell-stasjonen ligg i dag). Den vart med tida ein av dei største i landet.

Yngsteguten, Ola, var ikkje dårlegare; han vart møbelsnikkar og namngjeten treskjerar med eigen verkstad på Troppabakken. I lange periodar hadde han stor produksjon og mange mann i arbeid. Ein av dei var sonen Jakob, kunstnaren.

Eit signert storverk

Shipping-firmaet Seatrans held staseleg hus på Hop – eit hus med lang historie, til dels frå Os.

Sjølve huset vart kjøpt på Austlandet i 1872 og sett opp att ved Norddåsvatnet som sommarbustad for familien Jepsen. Seinare vart det overteke av norskamerikanaren Hvosleff som gav det til dottera då ho gifta seg med J.C. Isdahl. Birgit Isdahl selde det til Seatrans i 1973.

Det var familien Isdahl som gjorde eit sermerkt hus til eit framifrå hus: Dei fekk Ola Hjelle til å dekorera interiøret.

Ola gjekk til oppgåva i 1931, eit arbeid som krov mange års innsats av opp til åtte mann på verkstaden på Troppabakken. Isdahl-huset fekk ornamentering i drakestil så å seia frå golv til tak. Motiva var dels kopierte etter norrøne førebilete (som stavkyrkjene) dels nyskapte på grunnlag av den gamle stilen.

Ola

Ola Olson Hjelle (1886–1973) var «fødd inn» i trearbeids-tradisjonen, men ulikt mange andre handverkararsoner skaffa han seg både praktisk og formell utdanning for det han skulle driva med resten av livet. I 1903, 17 år gamal, tok han til i møbellære hos Knag i Bergen, og i 1905 gjekk han på kunsthåndverkskule på Voss – der han fekk læra treskjerjing av Magnus Dagestad. Så fekk han (1907) studera arkitektur hos arkitekt Kjelland i Bergen, og tok deretter til i arbeid hos Knag. Opplæringa vart i 1912 komplettert med sløydlærarkurs på Blaker, og frå 1913 vart han tilsett som sløydlærer av Bergens husflidsforening for kursverksemd i Hordaland og Sogn og Fjordane.

Då var den unge treskjeraren alt familiefar. Han gifta seg i 1908 med Ingeborg Røttingen. Dei bygde og busette seg på Troppabakken – og ungane kom i rad



og rekkje: Borghild 1909, Maria 1910, Olav Martin 1912 d. 1913, Olav 1915, Jakob 1916, Hildur 1918, Inge 1920, Magne 1922 og Jorunn 1926.

I 1916 bygde han sin eigen verkstad for finare møblar heime på Troppabakken. I tolv år (1922–34) var han dessutan styrar for arbeidsskulen for gitar på Osøyro. Men møbelverkstaden dreiv han heile tida – i periodar med fleire mann i arbeid. Mellom desse var sonen Jakob som seinare gjorde sin del av samarbeidet frå eigen verkstad på Søfteland.

Under krigen var det fleire gonger razzia på Troppabakken. Tyskarane skulle ha tak i Jakob som ikkje var å finna. Så tok dei andre i staden. I novem-

Utstillingar

Ola Hjelle var med på Fleire utstillingar. I 1914 var han representant for Bergens Husflidsforening ved Norges Jubilæumsutstilling i Kristiania. I 1928 og 1934 deltok han med eigne arbeid på landsutstillingane i Bergen. Han fekk sølvmedalje for ei veggklokke i 1928.

Stavkyrkjer

Ola hadde breid kunnskap om stavkyrkjer. Han kunne fortelja i detalj om saga og utforminga av kyrkjebygga – både dei som stod og dei som var øydelagde.

Musikk

Ola var musikk-interessert. Han bygde seg både orgel og hardingfele. Folkemusikk-halvtimen i radioen ville han gjerne ha med seg. Då trampa foten taktfast.

I bygda var Ola Hjelle ein respektert mann, i fleire samanhengar nytta til fellesoppgåver. Mellom anna var han med i liknings- og overlikningsnemnda og medlem i skulestyret. Han hadde ein draum om å få til eit bygdemuseum for Os, og var med på starta dette arbeidet.

Men det var handverket som var både yrke og hobby. Han var stolt av det og visste at han meistra det betre enn dei fleste, og han var glad når andre synta at dei sette pris på arbeidet hans.

Også når han sette seg ned med ei bok, var det oftast

Golvur av ein type som det vart levert mange av frå verkstaden Hjelle. Eigar er Jorunn Hjelle.

for handverkets skuld. Han las kunsthistorie – serleg om stilartar, og gjorde det slik at han kunne laga nye ornament og nye møblar korrekt i stilane romansk, renessanse, barokk, rokokko og empire.

Korleis var Ola Hjelle som far?

Logn og stillfarande, men ein mann det stod respekt av – også i heimen.

Streng og rettviss.

Det vert fortalt at når han kom inn i stova, stilna praten. Han var ikkje far og bestefar av godprat-typen, ikkje ein som inviterte til altfor nær kontakt.

Kan henda vart han mildare og mjukare med åra, og kan henda må den strenge haldninga frå yngre år sjåast på bakgrunn av tidsånda – mannen skulle vera forsyttar og oppdragar, ikkje kamerat – og på bakgrunn av dei pliktene han hadde som far til mange born.

Verkstaden på Troppabakken brann ned til grunnen sommaren 1973. Ola prøvde å berga ut umistelege verdiar frå flammene, men øydela hendene på det. Kort tid etter døydde han, nær 87 år gammal.

Jakob

Jakob Hjelle (1916-1989) fekk treskjerarjarn i nevene som gut på faren sin verkstad; opplæringa hadde starta. Men han fekk òg noko formell utdanning ved Kunsthåndverksskolen i Bergen (1938-39) før krigen kom og sette Jakob til ein annan eksamen.

Han synta då same haldning som han hadde til livet elles: mennesket skal vera fritt! Då overfallet kom, hadde Jakob tenestegjort ved Hjulryttarkompaniet på Bømoen, Voss, og vore nøytralitetsvakt på Evjemoen. I april-dagane 1940 mobiliserte han på Voss og vart send vidare til Geilo og Numedal. Der vart det kamp med tyskarane. Den norske styrken tok seg



til Hemsedals-traktene og andre stader før denne fasen av motstand vart oppgjeven. Då gjekk Jakob på ski heim over Hardangervidda. I Os kom han straks inn i Milorg, etterretnings- og tryggingstenesta. Han vart ein sentral mann her og gjorde stor innsats for å halda folk i dekning, mellom andre fleire russarar og den kjende politikaren Peder Furubotn. Det var gruppa til Jakob som sytte for dekning og vidaretransport over Nordsjøen for det kanadiske flymannskapet som fall ned på Haugland i 1944.

Jakob var med i eit katt-og-mus-spel med tyskarane.

Atomfabrikken

Ola var oppteken av tradisjon og godt gamaldags handverk. Då Jacob og Bitten Lyssand kring 1960 kom for å tinga møblar, sa ikkje Ola ja med det same, men spurde: "Kvifor går de ikkje heller til atomfabrikken på hi sio tå elvo?"

Skyt!

Torbjørn i Heien fortel At ein gong då han og Jakob låg i dekning i ei hytte, kom Torbjørn i vanvare til å skyta eit skot gjennom taket. Regnet tipla inn. Jakob snudde seg mot han og sa: "Ikkje skyt gjøna takje, skyt gjøna veggjen."

Sur pipe

Jakob var nærast fastgrodd til snadda si - eller omvendt. Leif Lyssand fortel at han sjølv slutta å røykja etter eit planleggingsmøte (om preikestolen til Dale kyrkje) på Os Dørfabrikk. Den sure pipa gjorde utslaget.

kjende Os på koll og kratt betre enn kven som helst. Og sidan véret har meir å seia enn klokka ute i naturen, var det ikkje fritt for at det kunne verta noko «skoft» også etter at fienden var jaga.

Jakob førte frimanns liv, og det vart ein pris å betala, serleg for familien. For inntektene var mildt sagt ustødige – også fordi han ikkje var flink til å prisa produkta sine.

Dei første åra i samarbeid med faren stod han på verkstaden på Troppabakken og i ein eigen verkstad i

I 1943 vart han arrestert, men dei hadde ikkje noko på han. Og då dei seinare skjøna kven han var og kva han gjorde, var han ikkje å finna. Han var til skogs og til fjells og organiserte.

Det måtte ingen vita, ikkje ein gong far og arbeidsgjevar. Ola murra over at sonen «skofta» så mykje. Han skjøna ikkje all denne «reisinga». Men Jakob førte krig på heil dag og kunne ikkje møta presis på jobb.

Då freden kom, gjekk Jakob inn i det nyskipa Heimvernet, der vart han verande i 30 år, m.a. som E-sjef. Jakob levde mykje i skog og mark – også i fredstid. Han var ivrig jeger, fiskar og friluftsmann; han



Møbelfabrikanten Spisestove i rokokko, laga i finsk bøk. Eigar er Jorunn Hjelle.

kjellaren på bustadhuset der.

I desember 1945 gifta han seg med Eldbjørg Henriksen Søfteland. Paret flytta til Søfteland i 1946. Der bygde Jakob eigen verkstad i 1949. Etter kvart kom borna: Hedvig (1946), Gro (1949) og Mads (1954). Familielivet var godt og samansveisa, men økonomien var til tider ei plage. Det hadde ikkje gått bra om ikkje Eldbjørg hadde skaffa seg god jobb og fast inntekt.

Oppgåver var det nok av. Gjennom mange tiår delte far og son arbeidet slik at Ola laga møblar og Jakob tok seg av utskjeringane. Men i tillegg hadde Jakob ein stor produksjon av friare ting; han laga figurar og relieff av troll, dyr, menneske og eventyrfigurar, skar dekorasjonar til hus og hytter og dekorerte geværkolbar for jaktkameratar. Framfor kvar jul gjennom mange år skar han endåtil skinke! Kjøthandlar Svein Øvreeide trong dekorasjonar, og han fekk Jakob til å skjera inn motiv i skinkehuda så julesnøen lyste kvit mot brunt i utstillingsvindauga. Og så var det dei mange store oppdraga. Jakob skar tre halvannan meter høge figurar til Laksevåg kirke: Jesus på korset, Maria og Johannes. Han samarbeidde med Os dørfabrikk og laga dekorasjonane til Dale kyrkje. Til Os-kyrkja laga Ola og Jakob



brurestolane, ny altarring og skåp for dåpsutstyr. På slutten av femti-talet gjekk han til filmen – på sin måte. Den store vikingfilmen skulle spelast inn i Mauranger. Jakob dekorerte vikingskipa og laga portalar, dører og anna til vikinghusa. Noko av dette vart teke vare på av Sigurd Bugge (som samarbeidde med Jakob under filminga). Slik fekk Kafé Intim på Osøyro mykje av sitt sermerkte interiør, og saman med kafeen brann det opp i 1982.

Også eit anna vikingskip vart dekorert av Jakob: 17-mai tribunen på Festplassen i Bergen.

I halvtanna år arbeidde Jakob med interiør-dekorasjonar for skipsreiar Sigbjørn Birkeland i Bergen. Eit rom i kontorbygget på Tårnplass vart utstyrt med breie taklister, dekorerte med leikande born i bladverk – og same motiv gjekk att i ei gedigen søyle.

Jakob fekk eit lettare hjerneslag då han var femti. Etterpå krov arbeidet lengre tid, og han kunne ikkje ta på seg så mange oppdrag. Han skar lite dei siste åra han levde.

Samarbeidet

Far og son Hjelle arbeidde saman i ein mannsalder – så ulike som dei var, men likevel i mangt så like. Samarbeidet gjekk oftast ut på at Ola laga møblane og Jakob tok seg av skjeringane.

Båe var sterkt opptekne av stilartar og heldt seg trufast innanfor den stilen dei til ei kvar tid arbeidde med, om det var romansk eller rokokko, om dei brukte førebilete eller skapte nytt. Båe las ivrig i kunstillitteraturen. Båe laga egne arbeidsteikningar og sjablongar.

Men Ola var kunsthandverkaren, Jakob kunstnaren som kunne sleppa seg laus i lag med eigen livlege fantasi. Ola la sjel og æra i kvar einaste detalj, han laga gjerne den reinaste filigran i tre, medan Jakob ikkje «kunne med» slik finskjering. Han var røffare og djervare. Og så kunne han skjera fritt ut frå emnet, til dømes «såg» han figuren i vridde tretrøter og rare stubbar.

Jakob likte ikkje faste leveringstider. «Du får det når det er ferdig.» Hasta det svært for ein kunde, plukka Jakob eit eller anna frå eigen heim og selde. «Skal laga nytt.» Det gjorde han – eller let det vera. Difor har hans eigen familie lite att av Jakobs arbeid.

Ola dreiv verkstad og «butikk», men Jakob visste sjeldan kva han burde ta i betaling. Ofte vart det oppgjør i form av varer

I dekning

Jakob Hjelle laga relieff i mengder. Ein serie henta motiv frå tida då han låg i dekning i Botnahytte saman med andre motstandsfolk. Alle som er med på relieffet kan kjennast att, og interiør og utstyr er realistisk skildra.

Jakob Hjelle hadde fleire oppdrag med kyrkjedekor. Det største var preikestolen til Dale kyrkje, laga etter arkitekten sine teikningar og i samarbeid med Os Dørfabrikk.



Levande historie

på Hetleflåten

av Gustav Moberg

Ein prat med Gyrid og Jacob Hetleflåt - om gardsdrift og hestar i gamle dagar - om tekniske framsteg - og om årsaka til at bondekonene ikkje fekk spanskesykja!

Levande historie er eit uttrykk som av og til blir brukt om eldre folk som er flinke til å fortelja om sitt eige liv, om arbeid og slit og sorger og gleder. Slik levande historie er det

ein opplever når ein sit nokre timar saman med Gyrid og Jacob Hetleflåt. Ho er fødd i 1912, han i 1907 og dei har levd - og arbeidd - saman på garden Hetleflåten sidan dei gifte seg i 1935. Men Jacob fekk skøyte på garden så tidleg som i 1921 då han var berre 14 år gammal. Dei som hadde drive garden til den tid hadde ikkje born som kunne overta då dei fall bort. Jacob var fødd på Moberg - på Stølane - og far hans, Martin, fekk to gardsbruk å ta seg av inntil Jacob kunne overta for fullt på Hetleflåten.



Dei held seg godt, både Jacob og skjenken han laga på sløydкурset då han var seksten år. Foto: Hilmar Flaterås

Jacob tok slektsnamnet Hetleflåt etter garden, slik namneskikken var. Gardsnamnet har elles vore skrive på ymse måtar gjennom tidene. Etersom garden ligg på eidet mellom Vindalsvatnet og Hetleflåtvatnet (som også har vore kalla Storavatnet!) vart gardsnamnet først Skogseid, men fordi han ein gong var ått av Os kyrkje, har han også vore kalla Kyrkjeteig (Kiercheteigh). Døypenamnet på brukaren har vore meir stabilt. Den første brukaren ein veit om, heitte Jacob all sin dag, men etternamnet hans skifte frå Schougseid i 1631 til Kiercheteigh i 1634 og vidare til Schouffeid i 1638 og Hetleflode i 1645! Og førenamnet Jacob har kome att i nyare tid. Frå midt på 1800-talet og til denne dag har alle Hetleflåt-bøndene hatt dette namnet.

I stova til Gyrid og Jacob står eit solid og fint utskore møblement, stolar og bord og skjenk og alt som høyrer til. Det laga Jacob sjølv då han var 16 år og gjekk på sløydskulen som den gongen var i Os. Så han var tidleg ute med å skaffa møblar til heimen. Vinteren etter at han hadde gått sløydskulen tok han seg arbeid på Hjelle der dei laga ski og kjelkar og der daglønna var 5 kroner. Det var den einaste gongen han var i teneste hos andre. Seinare vart det berre gardsdrifta og verksemd som knytte seg til garden. I 1929 gjekk han landbruksskulen på Stend.

Det har vore mykje nydyrking på Hetleflåten i seinare år. Då Jacob tok til med gardsdrifta, var det mykje mindre innmark og den første tida hadde han berre 4 kyr.

- Hesten var vel viktig for ein gardbrukar i 1920- og 1930-åra ?

- Javisst, hesten var både til nytte og glede, og det var mest utruleg kva ein hest kunne makta.

Ein gong då det var godt vinterføre hadde vi 200 kilo mjøl og 2 mann på sleden og vi gjorde turen frå Bergen til Moberg på 2 timar.

Vann over flåkjefta bergensar

Å ja, humrar Jacob, det kunne vera mykje moro med ein god hest. Ein gong i unge år var eg på veg til byen med smalaslakt. Eg vart forbi-køyrd av ein flåkjefta bergensar med ein kjend tråvarhest. Då gav eg på og kappkøyrde med han - og vann !

Og ute i Strandgaten opplevde eg at ein politikontabel vinka at eg køyrde for fort, men det kom av at hesten var så ivrig at det var vanskeleg å få han til å setja ned farten.

Hestane kan vera kloke og

forstandige. Ein vinter var isen på vatnet fem tommer tjukk og eg meinte det måtte vera trygt å køyra på han, fortel Jacob. - Eg lesste eit sabba møkalass på og det gjekk greitt heilt til eg skulle på land på hi sida. Då såg eg at isen var landlaus og eg lurte på korleis dette ville gå. Men hesten var ikkje verre på det, han vassa uti og drog lasset på land. Eg var uviss på om eg ville få han til å gå utpå isen att då vi skulle heim, men det gjekk nett like greitt.

- Men hestane fekk slita mykje på dei bratte vegane vi hadde fleire stader i bygda i mine unge år, seier Jacob. Gamle Jacob (bonden på Hetleflåten før «vår» Jacob) hadde 3 hestar om sommaren. Han hadde all transport til ekser-serplassen på Ulven og mykje trafikk til Kysthospitalet i Hagavik. Den gongen gjekk einaste vegen til Ulven og Hagavik over Svegane. Den bratte bakken opp til Svegane var stri for hestar med tunge lass. Og før den nye vegen opp Mobergsbakkane vart bygd i 1920, måtte ein opp den bratte og svingete



*Gyrid og Jacob med bord og stolar han laga sjølv for bortimot 80 år sidan.
Foto: Hilmar Flaterås*



Jacob og Gyrid helsar velkomen til det fine, velhaldne gamle våningshuset på Hetleflåten. Foto: Hilmar Flaterås

Likbrekko når ein skulle til Moberg eller lengre utover i bygda.

Bondekoner fekk ikkje spanskesykja

Når praten går om hestar og andre husdyr, kjem Jacob og Gyrid til å minnst spanskesykja, den harde influensaliknande epidemien som rasa like etter den første verdskrigen og som tok så mange liv, ikkje minst unge menneske. - Far vart sjuk og vart så svak at mor måtte sela på hesten for han når han skulle ut om morgonen og sela av om kvelden, fortel Jacob. Og Gyrid legg til: - Det merkelege var at konene på gardane ikkje vart sjuke av «spansko», endå så mange andre fekk sjukdommen. Det var ein doktor som gav folk råd om å gå i floren før dei måka om morgonen, og det ser verkeleg ut til at det var hjelp i det. Bondekonene fekk i all fall ikkje spanskesykja!

Motorkrafta kjem

Det vart lettare både for folk og fe då motorkrafta kom. Jacob minnst den første bilen han såg. Den kom til Os i 1911. Det var ein tysk bil med tre gir og motorkrafta var ikkje rare greiene. Men det kom meir etter kvart, og for bøndene var traktoren eit stort framsteg. I ein storstorm i 1949 vart mykje skog lagt flat. Jacob heldt på i tre år med å

berga 250 furutre, det gjekk med traktor og 100 meter vaier. Stormen som la ned skogen, var så hard at han braut opp 35 cm tjukk is på vatnet og mol isen til småbitar.

Av materialane vart det ny løe på garden.

Jacob var den første bonden på Bergenshalvøya som fekk seg traktor med hydraulikk. Det er mykje grus og sand på Hetleflåten og det flate engstykket mellom E 39 og bakken opp til det gamle

gardstunet er eit minne om grustaket Jacob dreiv. Først vart det teke grus der då dei bygde jernbanelinja mellom Os og Nesttun i 1890-åra, men seinare vart det teke ut mykje grus og sand til byggjearbeid kringom i bygda. Då det forsamlingshuset som me eldre den dag i dag kallar for «nye» Fjellheim vart bygt i slutten av 1930-åra, gjekk det med store mengder grus frå Hetleflåten.

På den tida hadde Jacob lastebil og med den forsynte han byggjestaden med sand og grus. Bilen tok vel 2 kubikkmeter, men han hadde ikkje tipp, så grusen vart først lesst på med spade og handemakt og etterpå lossa på same måten. Seks lass for dagen køyrde han og det vart lange dagar. Frå sandtaket på Hetleflåten leverte han pussesand, støypesand, singel og stein. Sementstøyperer dreiv han også ei tid, m.a. leverte han støypte vegsøyler til vegvesenet. Sanden frå Hetleflåten var elles særst tung, det var dei som lurte på om det var gull i han. For å finna ut av det, sende dei prøver til statens materialprøveanstalt og fekk til svar at det dessverre ikkje var gull i sanden, men derimot jernsilikat.

Det var om å gjera å nytta ut alle ressursar grundig. Ljåblad som ikkje var gode lenger, vart ikkje kasta. Jacob gjekk heller i smia og

BARNE SIDER

av elevar ved Nore Øyane skule

Strøno i 100 - Jubileum: Krinsen har hatt eige skulehus i 100 år

Elevane har hatt temaveka om Strøni i dei siste 100 år, og vårt bidrag til Osingen er elevarbeid frå denne veka.

1. Klasse har samla rim, regler og lært seg Inntil-vegge leikar.

So, ro godt barn

So, ro godt barn
mor spinn blått garn,
far går på jordet
og pløyer åkrar store,
syster gjæter sauene
langt nord i haugane.

Ei lita jente

"Kor skal du aav, Signe-Lita?"
"Av og plukka neter, kan du vita."
"Du når ikkje opp, Signe-Lita."
"Eg stig på ein stein, kan du vita."
"Så bryt du av eit bein, Singe-Lita."
"Eg held meg i ei grein, kan du vita."

Ein liten gut

"Kor slapp du over bekken, du vesle gut, du vesle gut?"
"Eg stødde meg på kjeppen," sa vesle gut, sa vesle gut.
"Kor slapp du over åa, du vesle gut, du vesle gut?"
"Eg tilta meg på tåa," sa vesle gut, sa vesle gut.
"Kor slapp du over vatnet, du vesle gut, du vesle gut?"
"Eg rodde meg i hatten," sa vesle gut, sa vesle gut

Ro, ro

Ro, ro til Rattleland,
kjøper Mats'n belteband,
to par sokkar og to par sko,
og so kan Mats'n heimat ro.

2. og 3.klasse samla minner frå gamle minnebøker. Her kjem nokre:

**SKRIV NO PENT MED PENN
OG BLEKK
INGEN SIDER RIVES VEKK**

**TRO IKKE ALT HVA DU HØRER
SI IKKE ALT HVA DU VET
DA SPARER DU MANGE BØRAR
PÅ SINN OG SAMVITTIGHET**

**Den første var en V
Den andre var en E
Den tredje var en N
Og den fjerde var en N**

Derfor ble du min aller beste venn

6. og 7. klasse har intervjuet eldre folk frå Strøno om oppveksten og skulegongen deira.

INTERVJU MED HANS SKORPEN

1) KOR GAMMAL VAR DU DÅ DU BEGYNTE I SKULEN?

Eg var nesten 8 år då eg begynte på skulen. Eg var den einaste frå Skorpo.

2) KOR OFTE GJEKK DU PÅ SKULEN?

Vi gjekk 3 dagar i veka. På småskulen tirs- tors- og laurdag. I storskulen mandags- og fredag.

3) MÅTTE DU GÅ TIL SKULEN?

Ja, eg gjekk til skulen. Og eg måtte ro frå Skorpo.

4) KVA HADDE DE TIL MIDDAG FØR?

Mest fisk. Og kjøt frå eige gardsbruk.

5) KOR STOD BUSSEN OG VENTA NÅR DU KOM MED FERJA?

Dei første åra stod bussen ved gamle posten inne i Hagavik, seinare ved Askvik kai.

6) GJEKK DET BÅT FRÅ BUTIKKEN TIL BERGEN?

Ja. Midthordland

7) KVA FOR TYPE BÅT VAR DETTE?

Laste-passasjerbåt.

8) VAR DET MANGE SOM RODDE SJØLV?

Ja mange rodde sjølv. Spesielt dei frå Skorpo. Rodde til Grindavoll og gjekk vidare til Os.

9) GJEKK DE PÅ SKULEN I HELGANE?

Nei berre om laurdagen.

10) KOR MANGE LÆRARAR VAR DET HER UTE?

Berre ei lærarinne.

11) KOR MANGE TIMAR HADDE DE I VEKA?

Omlag 15 timar i veka.

12) KOR MANGE VAR DET PÅ SKULEN?

På småskulen var det 9 eller 10 elevar.

13) KOR GAMMAL VAR DU DÅ DU BEGYNTE Å JOBBE ?

Eg begynte å jobbe som kokk på ei skøyte som 10-åring.

14) KOR MANGE ÅR GJEKK DU PÅ SKULE PÅ STRØNO?

Eg gjekk 7 år på skulen.

15) VEIT DU KOR MANGE SOM BUDDE PÅ STRØNO?

100-150 personar vil eg tru.

16) KOR OFTE SKIFTA DE LÆRAR?


Aldri på Strøno, sidan det berre var ein lærar.

17) NÅR ÅPNA BUTIKKEN?


Butikken vart åpna i 1935.

HANS SKORPEN GJEKK PÅ SKULEN FRÅ 1922 til 1929.


Strøno i 100!



FRIDA LIKAR Å LEIKE
MED BAMSAR




INGRID LIKAR Å LEIKE MED FURBY
OG BAMSAR



MARIA LIKAR Å SPELE
LUDO OG ANDRE SPEL





Dikt: Skulen i Strøno
er hundre år. 100 år

Hurr hurra for Skulen vår,
Skulen vår er hundre år.

Vi gratulerer skulens med dagen,
Håper ikke vi får vondt i magen,
att alle kakene som vi får,
For skulen i Strøno er hundre år.



Strøno
1
100

Marie S. Hellevang!!

Hurra, hurra dette må vi
feire, for Skulen er jo 100 år.
Til bakke med dei 100 år
jeg håper den holder i 100 år
til, mind 50.
♥lig helsing Lisalett.

100

GRATULERE-
R



Der måndagar ikkje finst.....

Av Anders Hauge

Det er mange nordmenn/kvinner som søker til varmare strøk deler av året. Eit av dei landa som særleg har trekt folk frå Norden til seg er Spania. Det ville ha vore underleg om ikkje også osingar søkte dit. Stykket nedanfor, som er skriva av ein "Spania-fan", gir eit innblikk i kva som ventar dei som tek turen dit, eller som går med planar om å ta fast opphald der når det stormar som verst her nord.

SPANIA: 504 782 kvkm, 40 mill innb.
Spanjolane: Eit vennleg, gjestfritt og tålmodig folkeferd (unntatt i trafikken!) som tolerant deler landet sitt med nokre millionar turistar – årleg.

Med ryggen mot Europa, med Portugal som buffer mot Atlanterhavet, med godsida mot Afrika, og med milevis med lokkande strender inn mot Middelhavet, ligg ferielandet klart til å ta imot frosne og giktbrotna nordmenn. I tillegg til alle dei som alt er der.

Landskapet skifter frå snøkleddet toppar i Pyreneane gjennom grønne enger i Galicia og appelsinlundar i Valencia til ørken i Almeria. Madrid er den høgstliggjande hovudstaden i Europa.

Om sommaren er store deler av landet tørt og brunsvidd, men etter vårregnet skyt blomar i alle regnbogens rett opp av sanden. Har du berre vatn, kan du få steinen til å bløma. Verlaget varierer med topografien, og Costa Blanca skal ha Europas finaste klima. Der er det gjennomsnittleg 11.5 soltimar **dagleg** i juli, og 4 millimeter nedbør – i **heile** juli.

Januar er normalt kaldaste månaden, og då kan temperaturen svinga mellom 22.5 og 2 grader. Ikkje rart at dette området er blitt Europas ferieparadis på heilårsbasis. Og stadig fleire slår seg til for godt.

Berre i løpet av dei siste åra er det sikkert bygd 100 000 feriehusvære på denne attraktive kyststripa, og fleire blir det for kvart år som går.

Costa Blanca – den kvite kysten – fekk namnet sitt alt i romartida på grunn av det sterke "kvite" lyset

som skulle ha lekjande verknad. Sikkert er det at den tørre, gode varmen er som balsam for revmatiske kroppar frå nord.

Strendene er velhaldne og reine, og det er godt for sjel og sinn å jogga eller rusla i strandkanten og å svømme i det salte, varme vatnet. Eller ein kan sitja under parasollen med ei bok. Vil du ha noko å drikka, er det boder med rimelege forfriskningar av alle slag.

Aukande krav til velstand, medlemskap i EU og innføring av euro har heva prisnivået i Spania, men framleis er det eit svært rimeleg land etter vår målestokk. I dei store byane er prisnivået høgare, og du må betala for kvalitet, men borte frå turistområda handlar du framleis til svært behagelege prisar.

Mat og drikke er eit spennande kapittel. Du får alt frå amerikansk "fast food" til thai-mat, og du finn billige kinarestaurantar overalt, men det er bryet verdt å prøva ekte spansk mat.

Tapas får du alle stader. Det er smårettar av ymse slag som tidlegare vart servert gratis med drinken. I dag kjøper du tapas i små skåler frå disken i tapasbaren. Det er alt frå skinke, reker, løkomelett, blekksprut, skaldyr til ymse slag kjøtt i saus, for berre å nemna noko. Brød får du sjølvsagt med. Tapas kostar lite og smakar godt, men ikkje alltid slik du trur.

Det seier seg sjølve at du må eta **paella** når du er i Spania. Retten skal lagast over open eld i ei flatbotna panne. Ris og safran vert koka saman med tallause, fargerike ingrediensar, som tomat, paprika, tørka bønner og sjømat og kjøtt av ymse slag. Og olivenolje, sjølvsagt. Ikkje to restaurantar har same oppskrifta. Det er fascinerande å sjå kor

fort og elegant (og rettferdig) kelnaren porsjonerer ut så alle får likt.

På Costa Blanca er der stort utval av god sjømat. Du får alle typar skaldyr, og elles fin fisk av mange slag. Det er eit tankekors at norsk laks er noko av det rimelegaste – og beste – du får i fiskedisken. Spansk **vin** er verd eit kapittel for seg. Du får førsteklasses vin av alle slag i mange prisklas-sar, og det er tydeleg at Spania er eit av verdas store vinland. På gode restaurantar får du "husets vin" til sympatisk pris. Og i butikken kan du gjera kupp på årgangsvinar.



Et typiskt feriehus Costa Blanca.

Det spanske **ølet** er lyst, lett og velsmakande.

Skal du ta deg ein solid lunsj, bør du be om **menu del dia** – dagens meny. Då får du brød, salat, forret, hovudrett, dessert, kaffi og vin til ca 50 kroner. Du blir mett!

Elles får ein rimelege og gode tallerkenrettar av alle slag.

Gløym ikkje å dusja salaten med olivenolje og vineddik – det gir ein ekstra piff.

Store deler av året kan du sitja ute i fløyelsmørke kveldar under ein appelsinmåne, mens Middelhavet brusar i det fjerne: Største problemet er om du skal gå til stranda i morgon, eller ta ein handletur.

Spania er ikkje ein stad, vert det sagt, men ein tilstand.

Ein må berre beundra spanjolane som tek vennleg imot alle utlendingane. Det hadde ikkje vore vi nordmenn som såg med blide auge på at tyskarar invaderte **våre** strender.

Skal du handla, må du sjølvsgt gå på **marknad**. Det er marknad ein eller annan stad i nærleiken

kvar einaste dag. Få med deg fredagsmarknaden i **Torreveja**. Det skal vera ein av dei største Europa, og er eit mirakel av varer, trengsel, liv og røre. Ein må berre passa godt på så ein ikkje kjem bort frå kvarandre. Endå betre må ein passa på pengar, vesker og lommebøker.

Lommetjuveri er eit fag i Spania, og utøvarane er svært profesjonelle.

I Torreveja kan du elles få tak i det meste. Ønskjer du større utval, kan du ta deg ein tur til **Alicante**. Der finst store, flotte forretningar av alle slag, og ein fantastisk strandpromenade.

Benidorm er ei moderne feriemaskin med full guff døgnet rundt, og høver betre for tenåringer enn for "overåringar".

"Med sejr fra Moskva til Cartagena..." Sør på kysten ligg den sjarmerande gamle byen **Cartagena**. Den er gammal marinehovudby, og har mykje å by på. Mellom anna kan du sjå ein av verdas eldste u-båtar.

Elche er omgitt av ein palmeskog på ca 300 000 tre som fönikarane planta 300 år f. Kr.

La Manga er også verd ein tur, for ikkje å snakka om alle dei små byane og landsbyane **innafor** kyststripa. Der er prisane låge, og ein kan kjøpa originalt spansk kunsthåndverk.

Som du skjønar, har Costa Blanca så mykje meir å by på enn ein liten epistel kan fortelja.

Der er noko for alle.

Fint turterreng, flust opp av golfbaner, milevis av sandstrender, tyrefektararenaer og varme kjelder. Og mil etter mil med appelsintre.

Vidare er der norske og nordiske lag av alle slag, og det vert skipa til alt frå spanskurs til bussturar til Madrid og Barcelona, for å nemna noko.

Alt er likevel ikkje berre fryd og gaman i Spania heller.

Det er svært mykje kriminalitet – turistar er vel helst lette bytte.

Mange einslege vert svært einsame blant alle menneska i området.

Den billige alkoholen kan lett bli ei svepa for den som ikkje passar seg.

Det er slett ikkje slik at alle problem vert att i Noreg om ein slår seg ned i Spania.

Men, men...dette var berre nokre små smakebitar frå eit stort og flott område.

Kom og sjå – og døm sjølve.

Vektlause draumar

av Barbra Røttingen

Ein gong var eg open mot livet i kring meg. Då våga eg kjenna det, når ein vakker mann stod urørleg og skua utover vinternatta og kommenterte stjernehimmlen.

Men no,-
alt hadde lukka seg inn. Eg var innelåst i mitt eige liv, i ei trong boble. Eg var i ferd med å tørka ut.

Ein kveld i denne tilstanden hende det. Ein vektlaus draum lyfte meg opp.

Eg ville dunsta bort utan å etterlata meg spor. Folk, minne, ansvar, forventning, krav, samtalar, -alt skulle berre verta gløymt. Av alle. Og slik reiste eg. Mot Grekenlandet, der eg atter kunne danse, atter kunne gråte.

Med i bagasjen var flyangsten. Raudvin måtte til for å gje meg mot til å kunna flyga ut på vengjer av stål. Og sakte lyfta vinen meg ut av bobla og inn i motet.

Eg pusta djupt og kjende kor det sitra. Eg var fri. No byrja resten av livet mitt. No var det berre eg, kloden og tida.

Eg let att augene og smilte. Eg var så ung som eg ville og så gammal som berre det. Livet var eit pliktlaust mirakel. Eg var fri, flygande som måken Jonathan!!!

Eg vakna opp av eit sug i mellomgolvet. Flyet skaka noko voldsamt. Angsten kom brått. Reiv sund min florlette fridom.

Eg retta meg opp i flyet, tinga meir raudt. Blikket flakka, - min Gud kor eg angra! Kvifor hadde eg rota meg opp i dette flyet? Skulle då dette vera tida eg fekk. Var det ikkje meir att! Skulle eg kan hende straffast no, for at eg valde meg sjølv i staden for å drukna i eit trøystelaust jag!/? Stupa i døden som ei ulovleg skoten alke på fjorden?!

Eg fekk heilgradera meg. Senda nokre spe rop opp til Vårherre.

Katastrofetankane kom som perler på ei snor. Kaldsveitten rann over moden hud.

Brått vart eg vår to menn som sat ved sida av meg. Med magiske armrørsler kommuniserte dei,- teiknspråk. Dei var nok døve, dei.

"Sound of silence" sa eg tørt, mest til meg sjølv..

Eine mannen, den minst pene av dei svara meg faktisk;-

Ja, *der* er det nok meir fredeleg enn her hos oss andre.

Orsak, eg trudde...

Bror min er døv, men eg kan høyra. Jan heiter han forresten, Johannes her.

B-bbrita, stamma eg skamfull attende

Samtalen var i gang, flyskrekken min vart formidla. Den varme røysta til naboen blanda seg med nye raude dråpar.

Johannes prata og prata,-om kor sikkert det var å fly, han drog fram statistikk etter statistikk.

Sidan gjekk han over til det meir eksistensielle. Den som ingen sjanser tar, vågar ikkje å leva.

Eg saug til meg dei trøystande orda, medan raudvinen skvulpa i glaset, bakenden hoppa i setet og mellomgolvet gispa etter likevekt. Turbulensen ville ingen ende ta. Eit par ulydar høyrde eg og. Flyvertinnene hadde nok med service og smil og hadde nok ikkje oppdaga den tekniske svikten,- enno.

-Veit du, Johannes,- sa eg medan augene stod fjetra i blikket til den døde broren.

-Eg er heilt einig,- dersom du ynskjer garantier, ynskjer du ikkje livet!

Johannes nikka, snudde seg mot Jan og oversette det heile med grasiøsitet til hans lydlause språk.

Jan smilte til meg. Drog handa gjennom håret. Han var som ein uopplevd oase. Kva løyndomar gøymde seg vel under den døde lengten hans!

To brør sat på flyet, ventande på nye eventyr. Sjølv sat eg fjetra til ein trolldom.

Sound of silence.

Trass mine dystre prognosar om teknisk svikt, landa flyet utan dramatikk. Rusen av desse to gjorde landinga til eit ingenting, også for meg. Eit stopp på bussen.

I Tesseloniki var det tropenatt og norske menn. Brødre med J, mystikk og kamp. Denne ende-lause kampen...også her.

Me gjekk kvar til vårt etter å ha utveksla telefonnummer.

Eg stupte i seng, og skrattlo. Eg var så ung, det kila i magen. Den greske natta svøypete meg inn i ein underbar søvn. Og eg drøymde. Om døde rop i natta....

Eg vakna med eit rykk. Telefonen kimte.

Den sugande draumen var enno so verkeleg at



eg ikkje visste kven eg var då eg løfta av røyret.

- Frukost i det fri om 3 kvarter, helsing brør med J! pludra det i telefonen.

-Jippi!!

Dette var livet. Eg måtte hyla der under dei iskalde dusjdråpane. Det dansa i bringa av ungdom og lyst.

Med utslått hår og kjole av lin sprang eg det eg kunne, og datt ned i graset, der vinden var heit og havet brusa. Der norske brør sat med vind i feriehår og lo.

Osten var stram, olivenbæra beiske og vinen søt.

Jan, lær meg teiknspråk!!! Eg hoppa opp og ned som ein unge.

Ver så snill!!

Kanskje ein gong, sa han med munnen, med leppene, med tunga, -og sikkert litt med hendene og, men det fekk eg ikkje med. Eg såg berre måten han begjærleg samla dei sårbare leppene til lydlause ord.

- Les du dikt? spurde Johannes

-Berre slike som den døde kan høyra, kviskra eg utan å sleppa blikket til Jan.

Så leste eg Vesaas,

Still er yta

om heite ras i indre fjell for dei som har kjent det revne

Det vart stilt.

Heilt stilt.

Johannes sukka.

- Eg ville lesa mine dikt til deg,- men kven kan forma eit einaste ord etter at Vesaas har vore ute.

- Ånei, les,- eg orsakar, eg trudde du ville høyra dikt, kven kunne vita eg sat her med ein forfattar!!!!

Johannes var brydd. Den glade stemninga var borte.

Han reiste seg, før rådvill ut med armane og byrja gå langsamt ned mot stranda. Eg ville reisa meg,- gå etter, men vart stansa. Jan rista på hovudet. Og sjølv *eg* måtte forstå, her trør ein varsamt.

-Kva er det som skjer, har eg sagt noko gale, var det feil at eg ville gje eit stakkars lite dikt, kor fornærma går det an å verta, eg...Jammen eg kan ikkje teiknspråk,- og no sit eg her med deg og veit ikkje korleis eg skal forklara meg, og broren din som i alle fall *høyrrer* er fornærma og ...

Eg stansa. Sjølvforakten var der. Den vesle grønjævelen kviskra meg over skuldera

- "er det då ikkje mogleg for deg for ein gong skuld å ha fokus på andre enn deg sjølv"

Den døve berre såg og såg. Kva hadde han skjønna av dikt og ord, av konkurranse og krig? Han hadde skjønna det meste.

Smilande drog han fram eit papir og byrja skriva.

Med mystiske hendene med slanke fingrar på, handledd med senar og mjukt hår. Han skreiv og skreiv. Medan den sára forfattarbroren var forsvunne bak ei klippe.

Eg fekk papiret i hendene og las begjærleg.

Johannes sin store draum er å få gjeve ut ei diktsamling. Han har nettopp fått avslag frå to forlag og har fått seg ein knekk. Og deg ville han bergta med poesi, så kjem du han i forkjøpet. Kastrasjon!

Dette var det som stod på lappen

Kvifor skulle dette verta så komplisert? Kvifor skulle dette vakre møtet verta uroa av

primitiviteten vår?

Rådlaus reiste eg meg. Vinka med meg mannen utan ord. Stille gjekk me til klippene. Eg måtte bada! På dei naknaste klippene lengst ute. I desperat lengt etter å få att det magiske møtet med desse to. Og eg bada i salt sjø. Eg ville bada bort det mørke og symja inn att i kunst, harmoni og leik. I ein vektlaus draum under greske klipper.

På land sat ein mann utan ord og teikna, medan broren med dei mange orda stod med offermine like ved. I sjø plaska ei som aldri kunne læra. På skyer sat Vårherre og lo.

Den døve teikna svarte strekar som ingen såg. Forfattaren stod breidbeint og kamplysten i siluett mot den brennande sola. Klar til angrep:

Alle vil verta elska for det dei ikkje eig, eg for mine grensesprengjande dikt, Jan for sitt musikalske øyre, og du Brita, for din naturlege leik. Me er like stakkarslege alle tre, og på kvar vår patetiske måte. Desperate sjeler, skrikande etter å verta sett, verta beundra, verta elska. Fordi me trur me er anleis, meir spanande, reflekterte! Me tyllar oss inn i portvin og ost, i oliven og poesi, for krampeaktig å *vera* i eit uttrykk av kunst, liksom heva over alle andre keisame grå sjeler som vert verande i sine monotone trivialiteter.

Eg kjende ei sviande stråle i magen. Raseri, audmjuke og skam jog i kroppen. Eg reiste meg og gjekk. Tårene kom som veldige flodbyljer. Ikkje hadde eg det kvardagslege panseret på heller. Og var såleis eit lett bytte.

I seks dagar var eg død, før eg endeleg var heime att. Heime i den trygge bobla mi, heime blant alle den hine med sine panser,- panser i den endelausa krigen mot ein sjølv.

To månader seinare kom ein stor konvolutt i posten. Ei gåve frå det stille tempel der ord er meiningslause. Biletet hadde namn. "Narsisistisk tragedie"

På lerretet flaug ei kvinne over ei klippe. Ho tømte tårer frå ei krukke ned over to menn som stod under. Den eine såg opp med eigne sjølv-medlidande tårer, den andre stod med andletet vendt andre vegen, spegla seg i vatnet og lo i triumf.

*Me har alt du treng som malar
når du eigenhendig balar.
Men me hjelper gjerne til
når du sleppa mala vil.*



5222 NORDSTRØNO - TLF. 56 30 80 81 - BUTIKK: 56 30 11 80

Os Ungdomslag
Stiftet 1890



Bli med og dans!
Levende musikk i Fjellheim
annankvar tysdag.
Sjå elles kulturkalendaren.

Bohus

Telefon: 56 30 34 10

Klær for heile familien

CUBUS

Tlf 56 30 23 80

Vi støtter det lokale kulturmiljøet!

*Hos oss får du alt du trenger innen bøker, fag-
litteratur, CD-rom og data, papir og rekvisita.
Vi har også mange godbiter fra ditt lokale miljø!*

M.K. OLSEN INTERBOK

5200 Os • tlf: 56 30 04 30 • fax: 56 30 29 80
e-mail: m.k.olsen@interbok.no

Alle slags planter

- PRYDBUSKAR
- NÅLETRE
- FRUKTTRE
- BÆRBUSKAR m.m.

M. HAUGE'S
Planterekole
Moberg - 5200 Os
Tlf. 56 30 03 60.

IRIS

FABRIKKUTSALG

Tekstiler til fabrikkpris

TLF: 56 30 74 56

ÅPNINGSTIDER: Mand., tirsd., onsd., fred.: 9.00 - 16.30
Torsd.: 9.00-18.00 Lørd.: 10.00-14.00

Kvalitet!

- VERKTØY -
 - MASKINER -
 - REDSKAP -
- for
HUS OG HAGE

JERNIA

P. M. SÆLEN & CO. A/S

Tlf. 56 30 04 00 - 5201 OS

Vi tilbyr alle tenester innanfor rørleggarfaget, som:

*Off. Vass- og kloakkanlegg • Varmeanlegg • Sanitæranlegg
Rehabilitering av sanitær- og varmeanlegg
Tilstandskontroll av sanitær- og varmeanlegg
Servicearbeid på tekniske anlegg
Tv-inspeksjon av røyr og kanaler
Lokalisering av røyr og kablar
Utleige av minigravar*



Sverre Samdal
AUT. RØRLEGGERFORRETNING



POSTBOKS 226, 5201 OS
TELEFON: 56 30 15 83 • FAX: 56 30 12 50

 **APOTEK 1**

Postboks 94 - 5202 OS

<i>Åpningstider:</i>	Mandag-Onsdag	09.00-17.00
	Torsdag	09.00-19.00
	Lørdag	09.00-15.00



- ein lokal medspelar

Avd. Os
Landboden
5200 Os
Tlf. 56 30 17 05
Fax. 56 30 04 53



MALERMESTER
ALF HJELLE & SØNN AS



Avd. Fusa
Fjord'n Senter
5640 Eikelandsosen
Tlf. 56 58 15 25
Fax. 56 58 28 76

E-post: firmapost@alf.hjelle.no • Internett: www.alfhjelle.no

Butikk i Landboden på Os • butikk i Fjord'n senter • håndverk

Malermester



HANS ASK
TRANSPORT AS
INDUSTRIVEGEN - 5200 OS



**RENOVASJON -
CONTAINERSERVICE**

Tek på meg all slags bosskøyning.

Lager Kolskogen: tlf.: 56 30 16 17

BESTILL DIN REISE HOS

TRAVELNET

OS REISEBYRÅ A/S

POSTBOKS 274 - 5203 OS

TELEFON: 56 30 43 00

FAKS: 56 30 43 10

E-POST: os@travelnet.no

DET GJØR VI!

Møbelservice a.s

Tidlaus Eleganse

5212 SØFTELAND

TLF. 56 30 71 70 • FAX. 56 30 74 35

www.mobelservice.no

e-post: post@mobelservice

SJEKK SYNET HOS OSS
INTEROPTIK

H. Bakketeig AS

Telefon: 56 30 18 00

Telefax: 56 30 76 50

KAFE • CATERING • PUB

MATSTOVA

FERDIGMAT
Leveres også søndager

 56 30 10 55



Drømmer du om virkelig **STOR** avkastning?
Spar 1000 kroner i måneden og se resultatene
etter ti, femten, tyve år...

	10 år	15 år	20 år
300,- pr. mndr	62 778,-	126 713,-	231 907,-
500,- pr. mndr	103 276,-	208 962,-	382 848,-
1000,- pr. mndr	206 552,-	417 924,-	765 697,-
1500,- pr. mndr	309 828,-	626 886,-	1 148 545,-
2000,- pr. mndr	413 104,-	835 849,-	1 531 394,-

Tallene viser sparing i fond med beregnet årlig avkastning på 10%. Oslo Børs har over tid gitt en gjennomsnittlig avkastning på ca. 10%. Historisk avkastning er ingen garanti for at utviklingen blir like positiv i fremtiden.

Kanskje du tidlig i livet vil sette av penger til pensjonstiden, til en drømmereise eller for å ha penger i bakhånd til kommende tider.

Start sparingen nå og se hvordan sparebeløpet øker for hvert år som går. Vi tilbyr 31 ulike fond - fra tilnærmet risikofri sparing med lav og sikker avkastning - til investeringsprodukter med høy avkastning og høy, men kalkulert risiko.

Stikk innom vårt kontor på Os eller ring oss på tlf. 56 30 07 00. Du kan også ringe DnB Direkte, tlf. 810 00 365.

 Den norske Bank

Bilens Butikk & Fritid as



BIL – BÅT – MOPED – MC

Ta turen til våre lokaler v/E39. Vi ordner det meste for deg.

SERVICEHALL BIL/MC • Forhandler for DERBI – AIXAM MOPEDBILER

AUTO GLYM
bil/båt-pleie

MANN
filter

PENNZOIL
oljer

HEMPEL
båtprodukter

BOSAL
eksosanlegg

JORDMORSVINGEN 8, 5200 OS
bilens.butikk@ino.as

56306350

Din totalleverandør av finansielle tenester

Nordea 

Filial Os - 5200 Os - Telefon 56 57 01 00 - Telefax 56 57 0110

Os Pensjonistforening 25 År

Os Pensjonistforening høgtida 25-årsdagen tidlegare i år. I det høvet vart dei 25 åra omtala både i lyriske vendingar og meir frå år til år. Førstnemnde av **Kåre Herdlevær** og sistnemnde av **Magnhild Midthus Nøss**. Vi let også lesarane få ta del i desse.

p
r
o
l
o
g

Femogtjue år i år. Sommar,haust,vinter,vår,
heile året går i ring, året rundt er vi i sving.
Startar opp august - september, julebordet i desember.
Så kjem endå eit nytt år, vi heldt på til langt på vår.
Sommartida tar vi fri- nesten fri- vi får litt tid
til å dyrke slekt og venner, slik at også dei oss kjenner

Laget starta i det små.
Først så var vi nokså få,
men vi vaks oss stor og sterk
og vi har gjort fagnaverk.

Kven er då dei som var og er
med i pensjonistens elitedivisjonshær?

Det var folk med fantasi, tiltakslyst og energi.
Grå i hår, men rak i rygg, var dei på seg sjølv så trygg.
Trygg og sterk som i ein rus, snakka dei om *eige hus*.

Huset kom og laget vart sylta ned i skuld og gjeld.
Men dei som hadde sett i gang det spelet,
dei var trygg som Svinningfjell.
Trygg på at dei skulle klare både renter, avdrag, gjeld.

Dugnadsånda viste seg, smått om senn og steg for steg
reiste laget seg og viste dugnadsånd for deg og meg.
Arbeid ute, arbeid inne måtte til for at vi sku` vinne
over krav frå fut og bank.

Kjøkengjengen syter for at vi held vårt magemål.
Same folk og fleire til lagar ris til Bergensfolk.
Ikkje ris til bruk for baken, men eit ris du har i staken.
Og basaren, våren clou. Der kan både eg og du
vinne litt så vi kan gje til barnebarn, som *sjelefred*.

Aktiviteten den er stor. Turar aust og sør og nord.
Kor og perling, leikarring og hyggjekveld med vals og sving.
Trim for både kropp og sjel, gjer oss alle godt og vel.
Siste, det er datalære, internett og meire til
er for dei som kan og vil.
Og når "oss ha gjort kva gjerast skulle", går gongongen,
varslar kaffi i salongen.

Heilt til slutt eg nemna må at vi har vår eigen song,
skapt av ein med namnet Lien. Han til ære, oss til gagn,
syng vi den i felleskor, her ved vårt jubileumsbord.

OPPTAK OG SKIPING

På syttitalet hadde kommunane fått oppmoding frå sentrale styresmakter å gjera opptakt til skiping av eldrelag. Dåverande sosialsjef i Os - Terje Skutlaberg - gav startsignalet og 14. April 1977 var det orienteringsmøte i Sanitetshuset. Eit interimsstyre vart oppnemnt med Steffen Irgens Hagevik, Helge Hagevik og Solveig Dahl (sistnemnde hadde langt att til pensj.alder) som medlemmer.

Det er ikkje til å tru - dei trong berre 2 mndr. til å førebu. 12.mai hadde interimsstyret ferdig utarbeidde vedtekter, og alt 16.juni 1977 vart Os Pensjonistforening stifta i Sanitetshuset sin store sal (ca. 40 deltok i møtet). Steffen Irgens Hagevik ønska velkomen. Varaordførar, banksjef John Sjurseth møtte for kommunen og frå sosialstyret møtte Jenny Storum. I samsvar med interimsstyret si innstilling vart vedtektene einstemmig godkjende. Desse har, med nokre små endringar i 1995, fungert fram til år 2002.

Einar Skarstein leia val av tillitsfolk. Styret fekk denne samansetjinga: Steffen Irgens Hagevik formann, Øystein Djuvik sekretær, Einar Kvamme kasserar. Styremedlemmer: Einar Skarstein, Solveig Dahl, Helge Hagevik og Hanna Bjørnen. (av desse er det berre Steffen Irgens Hagevik, Einar Kvamme og Solveig Dahl som endå lever). Det vart vedteke at foreningen førebels ikkje skulle meldast inn i Norsk Pensjonistforening. Det synte seg seinare å vera ei klok avgjerd.

Ved den påfølgjande bordseta vart det gåvedryss: Banksjef Sjurseth tilbød gratis lokaler i Bergen Bank og ein sjekk på kr. 500,- vart overrekt "til stor applaus". Prest Per Fimreite som då disponerte møtelokale i Bjørnegården (Vestlandsbanken) sytte for at lokalet kunne nyttast som Dagsenter, med andakt, servering og hyggeleg samvær for medlemene. Det var ikkje ende på gåvedryss - også Lions Club skøyte til med kr. 500,-. Ved bordseta opplyste Solveig Dahl at ein anonym gjevar hadde kosta alle utlegga ved serveringa.

HØGT AKTIVITETSNIVÅ

Både styre- og møteprotokollar osar av optimisme, den eine syner alvoret,- den andre hyggja.Kvar på si vis imponerar dei - nitid arbeid - iderikdom og ikkje minst pågangsmot. Alt første hausten var dei i gang med medlemsmøter ein gong i månaden. Der vart arrangert turar til Bergen, Fana og Fusa. I 1978 ein 5-dagars tur til Sogn med velkjende Hanna Bjørnen som glimrande reiseleiar.

For å subsidiere alle aktivitetane vart det etter forslag frå sekretær Djuvik alt på første

medlemsmøte oppretta ein lotterikomite på 10 medlemmer. Etter kvart voks komiteen. Fleire flittige damer nytta dei tilbydde lokala i Bergen Bank som arbeidsstove. Dette var det første inntektsgevande tiltaket og forløparen for den årvisse basaren som framleis fungerer som ei særskild god inntektskjelde. Den var også forløparen for "onsdagsdamene" som har det so utruleg kjekt ilag.

30.sept., vi er framleis i skipingsåret, starta mosjonspartiet, (som no er endra til trimmen), leia av fysioterapeut Elisabeth Haugland - med heile 40 deltakarar! Dette var det første av dei faste aktivitetstilboda. Dei kring i bygda som ikkje kunne koma ved eiga hjelp vart henta. Fysioterapeuten sjølv, Olav Døsen, Jakob Hetleflåt, Magne Bøe og Magnus Skaar delte på oppdraget.

Os Pensjonistforening vart etter kvart ein kulturell samlingsstad. Etter berre 1 år var medlemstalet 190 og var dermed på god veg til å veksa ut av lokalet i Bjørnegården. 12.juni 1978 vart eitårsdagen feira på Solstrand Fjord Hotel. Formannen Steffen Irgens Hagevik mana der til innsats: Tilbakegang måtte ikkje tålast, siktemålet var eige hus!

På septembermøte 1978 deltok Henrik Lyssand fiolin og Ola Midtbø på piano. Det var første gongen dei to velkjende medverka i foreningen, men langt frå den siste.

På årsmøtet 1979 fekk styret 3 nye representantar: Magnus Skaar som formann, Anders Molven som sekretær og Guro Winsjansen som styremedlem. Einar Kvamme som hadde vore med ved utarbeiding av vedtektene heldt fram som kasserar til 1980 då Anders Hauge sen. overtok. Kvamme var deretter revisor i 6 år.

MÅLSETJING: EIGE HUS

Det høge aktivitetsnivået heldt fram og målsetjinga for nyeformannen og avtroppande Irgens Hagevik samsvarar. Både det høge medlemstalet og noko usemje vedrørende lokala i Bjørnegården framskunda ønskje om eige hus. Til det trongst kapital og på første medlemsmøte i 1979 kom Irgens Hagevik med forslag om sal av julenek. Planen hans var at foreningen skulle avla kornet sjølv. Han hadde fått lovnad om åker på Tøsdal og rekna med dugnadsarbeid av medlemene. Optimistisk hadde han sett opp eit reknestykkje med 2000 kornband à kr. 10,- = kr. 20.000,- brutto.Med god hjelp av både kvinner og menn vart prosjektet gjennomført med suksess. I det høvet stod Jakob Hetleflåt for det store løftet med maskiner og handkraft i dei åra dette pågjekk.

På medlemsmøte 25.sept. 1979 vart der referert skriv frå Teknisk Etat med avslag på søknaden frå

Pensjonistforeninga om å få tildelt "Medåstomt" for påtenkt bygg til eit Eldresenter.— Dei fleste som er tilstades her har sikkert høyr Magnar Skaar sin velkjende leveregel om ikkje å ta eit nei for eit nei. Resultatet ser vi, set, står, går og dansar vi i. Bergens Tidende hadde reportasje frå innviingsfesten den 26. september 1985, med bilete av 3 strålende nógde styrerepresentantar, Magnar Skaar, Rasmus Wik og Anders Hauge sen. Vi kan sjå på desse 3 ulike personlegdomar med svært ulike yrkes- og utdanningsbakgrunn som eit tverrsnitt av Pensjonistforeninga sine medlemmer, og det provar kor viktig samarbeid i ein forening er på tross av eller kanskje nett på grunn av ulikskapar.

MANGE "KRUMTAPPAR"

Eldresenteret og like levande oppteken av foreningens sitt "ve og vel."

Ut frå referata til sekretæran Lorentze Hatlem, Alfhild Larsen, Karl Sjøvik og Hilda Feste ser vi kor det høge aktivitetsnivået heldt fram. Desse nemnde var også med og forma "atmosfæra" i foreninga. Møte- og reisereferata til Hilda Feste er velkjende. Ho var og er også ein forkjempar for at kjøkenpersonalet og husstyremedlemmer bør koma meir i fokus og påpeika desse som var med heilt frå starten, t.d. Gyrid Hetleflåt, utleigeansvarleg i ein "mannsalder" - og dei velkjende "mobergsjentene" med Nelly Rød som styrerepr. og medlem i husstyre i fleire år. Sjølv stiller Hilda framleis på Dagsenteret.



Innviingsfesten 26. september 1985.

Frå venstre: Anders Hauge sen., Rasmus Wik og Magnar Skaar.

Året 1990 tok Annanias Lien over som sekretær og alt i 1991 vart han vald til formann. Det vervet hadde han i 6 år. I det høvet skriv Os & FusaPosten: "Etter 12 år som leiar og pådrivar i Os Pensjonistforening går no Magnar Skaar frå bordet." Dette stemmer slett ikkje. Skaar heldt fram som nestformann i fleire år og som styrerepresentant heilt til 1999. Han er, på tross av sin høge alder, framleis ein krumtapp for

Ein treng ikkje gå på biblioteket for å finna spennande lesing - det er berre å gå i gang i styre- og møteprotokollane for Os Pensjonistforening. Slik også i Annanias Lien si formannstid. Han var ein meister med medlemsmøte. Han fekk også gleda av å motta den generøse gáva frå Steffen Irgens Hagevik - Bronsejenta - som fekk namnet "Synnøve frå Solbakken" - høgtidsamt avduka - med takketaler og korsong. Også Lien hadde med

seg ein dyktig aktivitetskomite for tilskipingar og turar - kona Anny, Signe Eide og Ingvald Eide.

I byrjinga på 1990-talet fekk vi nedgangstider som medførde oppseiing av leigetakarar. Men ved storsatsing av formann Lien, nestform. Skaar og kass. Hauge sen. kom Os lensmannskontor inn som leigetakar. Seinare kom Olav Tøsdal inn som kasserar. Dette ombodet hadde han i 8 år, etter å ha vore revisor i fleire år. Lien hadde med seg dyktige husstyremedlemer, m.a. Lars Borgen, Lars Lyssand og Ingv. Grønningen, husstyreform. Ing. Skjønberg med kona Gudny som utleigeansvarleg. Han fekk og tilsett Alice J. Aadland som kjøkenhjelp på Dagsenteret der ho etter 11 år har utvikla seg til reine administratoren.

I 1991 var det eit anna vaktskifte i Eldresenteret. Rasmus Wik takka av etter 12 år i "arbeidstenesta", som styremedlem, husstyreform., medl. i aktivitetsnemnda og kormedlem. Rasmus er ein estetikar og har sytt for orden både inne og utomhus. I -97 fylte han 90 år.

Vi trong vaktskifte ved produksjon av fastelavensris også. Hogging, henting og kjøring etter vyrkje hadde Anders Eide hovedansvar for i årevis. Som tillitsvald medlem i 12 år hadde Eide eit heilt spekter av arbeidskrevjande oppgåver. For han var det heilt sjølv sagt å ta eit tak for fellesskapet.

SONGKOR OG LEIKARRING

Songkoret har hatt vellukka både 10 og 15-års feiringar. Men etter forslag frå Solveig Dahl skulle dette jubileet vera ei fellesfeiring av Pensjonistforeninga sin 25-års dag og koret sin 20-årsdag som var i fjor. Koret vart oppretta 19.jan. 1981 etter forslag av Bertha Rippe. Karl Søvik var ein iherdig pådrivar og etter berre ei veka hadde han fått 26 kormedlemer. Georg Askvik vart formann. Velkjende Henrik Lyssand var ein dyktig og avhalden dirigent. Pensjonistkoret vart populært. Etter Lyssand døydde i -89 vart ein nestor i musikklivet i Os, Ivar Tvedt dirigent i 3 år. Ved sida av andre tillitsverv i foreninga tok då Ola Midtbø også over som dirigent. Han vart ei mektig inspirasjonskjelde og er ikkje so lite av ein pedagog. Han har halde ut med oss i 10 år, so de ser, også Midtbø har jubileum i år. Koret har vakse seg stort og tel no over 40 medlemer. I løpet av siste året har koret hatt 14 oppdrag, medrekna i Oskyrkja og på Luranetunet. Etter at Leif Lyssand diverre gav seg med trekkspillet er det Asbjørn Moberg på fiolin og Margareth Lyssand Rosvoll på piano som gir tonefølgje ved høgtidsame høve.

Dei som er att frå koret vart starta er: Gyrid og Jakob Hettleflåt, Rasmus Wik, Solveig Dahl, Einar

Kvamme og Sofie Leikvoll. Solveig var med heilt til år 2000. Som de har høyrte var ho med heilt frå interimstyret, var 4 år nestformann i styret, ivrig medlem i finansieringsnemnda ved bygging av huset og leiar av kornemnda i årevis inntil Asbjørn tok over vervet.

Vi har eit skryteprosjekt til: Leikarringen. Det har vore vanskeleg å finna årstalet for oppstart av leikarringen. Men eldre medlemer hugsar at dei tok til med leik og dans i alle fall i 1980, då laget heldt til i kjellaren under tidl. Vestlandsbanken sine lokale (no Madammen). Frå 1982 fekk dei Anne Rode som instruktør i Leikarringen og ho heldt fram til laget flytta inn i nytt hus. Då fekk Anders Hauge sen., sjølv ein ivrig dansar, Anny og Annanias Lien til å leia folkedansgruppa her i Eldresenteret. Dei var begge velkvalifiserte leiarar med både kurs og rutine. Dei leia gruppa her i mange år. Men Lien var "føre var" vedrørende helsa og fekk Ålaug og Kåre Herdlevær til å ta over. Deira kvalifikasjonar er velkjende. Folkedans er terapi på høgt plan. Her må song, musikk og rørsler samstemma. Musikken har dei siste åra vore ved den dyktige felespelaren Arne Halveg.

Då Annanias Lien sa takk for seg som formann på årsmøtet i 1997 overtok Magnhild Midthus Nøss. Dette vervet hadde ho til år 2000 då Per Gaassand tok på seg å føra tradisjonane vidare. Han fekk diverre alt for kort tenestetid, men makta likevel å markera seg i arbeidet for foreninga sitt "ve og vel". Frå Per Gaassand døydde midtsommars 2001 og fram til årsmøte 2002 fungerte Magnhild Midthus Nøss igjen som formann. Frå og med år 2002 er det Dagny Gaassand Gjerde som har overteke å styra foreninga, der formann no er erstatta med leiar etter revisjon av vedtektene i 2002.

OS MÅLLAG

SKIPÅ 1920

Styret:

Leiar: *Elfrid Moberg*

Skriver: *Signe Rydland*

Kasserar: *Oddvar Bentsen*

Styremedlem: *Marie Hauge, Lars Skorpen*

Velkomen som medlem!

Ta kontakt med eit av styremedlemene.

Å samla på papirdokker

av Nina Gading Kristiansen



For sær mange av oss som var jenter i 50- og 60 åra, hadde papirdokkene ein stor og heilt spesiell plass i hjarta våre. Eg begynte å samla på papirdokker alt i 5-6 års alderen og denne samlarlidenskapen har eg halde fram med opp gjennom åra og heilt til i dag. No har eg rundt 5000 papirdokker og det er den største samlinga i Noreg.

Då eg var barn, var det ei stor glede for meg kvar gong eg fekk ei ny papirdokke i samlinga mi. Det kunne gjerne vera etter feiring av fødselsdagen min, at eg hadde fått nokre kroner som eg kunne bruka til å kjøpa eit nytt ark med papirdokker for.



Eg gløymer aldri kjensla og forventningane eg hadde, då eg spaserte den lange vegen til manufakturhandlaren vår. Men valet var ofte vanskeleg og det tok gjerne sær sars lang tid!

Kva for eit ark skulle eg velja denne gongen? Då eg tilslutt endeleg hadde bestemt meg, vart papirdokkearket rulla saman og fekk ein gummistrikk rundt seg. Det var ei glad og lukkeleg, lita jente som tusla heimover. Ho visste at ho hadde mange timar med hyggeleg arbeid framfor seg!

Mang ei stund gjekk med rundt stovetbordet med saks, fargeblyantar og teikneark. Først skulle dokka og klede klippast nøye ut.

Det galdt å halda tunga beint i munnen, det var fort å klyppa av ein arm eller ein fot, og då var fortvilninga stor!

Med stort pågangsmot og iver teikna eg klede til papirdokkene mine. Eg var ikkje spesielt god i å teikna, men det var ikkje det viktigaste. Garderobane vart store etterkvart, og papirdokkene fekk klede til allslags høve: staselege selskapskjolar, skidressar, badedrakter, skjørt blusar og bukser. Ja, då fekk ein verkeleg bruke fantasien og skaparevna si! Papiret som vi teikna på, var gjerne baksida av innpakkingspapir eller gamle skrivebøker. Den gongen var det ikkje berre å kjøpa ei ny teikneblokk, nei - vi måtte fint bruka det vi hadde! Dei tomme strømpebukseposane til mor mi var alle tidars til å oppbevare desse herlege papirmenneska i.

Dei første papirdokkene finn vi rundt siste del av 1700-talet. Den gongen var det sær sars dyrt for moteskaparane å sy opp kolleksjonar. I staden teikna dei modellkjolane sine og plasserte dei på dokker av papp. Ut ifrå desse dokkene bestilte dei velståande kvinnene antrekka som dei ønska. Papirdokkene vart på den tida leiketøy for borna til desse velståande og fine familiane. Jentene hadde små handsmidde sakser, hengande i etui på forklede sine, korkje *Jenny Lind med øskje som høyrde til frå ca. 1850.*

saks eller papir var allemannseige den gongen.

Dokkene vart til vanleg tekne vare på i øskjer, og berre leika med om søndagane eller ved heilt spesielle høve. Den dag i dag hender det ein sjeldan gong at det dukkar opp eksemplar som er veldig gamle. Då syner det seg gjerne at dei er i utruleg god stand, noko som fortel oss akkurat dette at dei berre vart funnen fram og leika med, eller kanskje berre sett på og beundra ved heilt særskilde høve.

På midten og mot slutten av 1800-talet blei likevel tilgangen på papir betre, produksjonen vart større og dermed vart papiret også



Såkalt "Blondebarn" frå ca. 1900.

rimelegare. I dette tidsrommet begynte trykkeria å trykkja opp ei mengd med papirdokker. Etterkvart vart det også sett i gang masseproduksjon av sakser, no kunne også born frå den vanlege arbeidarklassen ta del i papirdokkeverda.

Det vart trykt opp papirdokker i fleire variantar: Dokker med lause ansikt som kunne dreiest, dokker med lause augo som kunne bevegast frå baksida. Dei laga papirdokker med lause ledd slik at dei kunne skifta posisjon, dokker og klede med både fram og baksida. I tillegg fanst det mykje ulikt som høyrde til, nydelege soverom og heile hus som papirdokkene kunne plasserast i.

Papirdokker som førestilte filmstjerner, var utruleg populære frå 1930 åra og framover. Var ein så heldig å vera eigar av ei filmstjerne, ja, då var ein lukkeleg! Det som imponerte mest, var nok dei fantastiske garderobane. Filmstjernene levde eit veldig aktivt vaksenliv.

Dei var travelt opptekne med å gå i selskap, var med i teaterførestellingar, spelte tennis, gjekk på ski, og var sjølv sagt mykje på reise fot. Ja, mang ei jente drøymde seg nok inn i dei vakre strålende tilvere og vaksen rolle som papirdokkene førestilte.



Randi Eriksen-dokker.

I Noreg var det ein nokså stor produksjon av papirdokker på 40-50 og 60-talet. Dessverre kjenner vi lite til teiknarane frå den gong. Ein teiknar som var særst aktiv i denne tida, var kunstnaren Randi Eriksen. Ho teikna ca 30 ulike heilark, det første kom ut i 1943. Namnet

på dokka var Eva og arket kosta 60 øre. Ho teikna for det meste born og babyar og arka hennar er lette å kjenna igjen p.g.a. dei klåre og vakre fargane hennar og den herlege og dyktige måten hennar å teikna på. Randi Eriksen teikna både for Damm, Oppi, Børrehaug og Remen.

I 20-åra hadde Allers ein serie med papirdokker på trykk. Desse dokkene vart gjerne kalla Dokke Lise og dei vart trykte i nokre praktfulle fargar. Desse fargane er like flotte og klåre den dag i dag. Ein del av Dokke-Lise papirdokkene var også på trykk i Sverige og Danmark på same tid. I åra 1967-68 og 69 var det også gjeve ut ein heil del papirdokker i Allers.

I dag er det dessverre ikkje så stort utval av papirdokker i butikane. Dette har resultert i at eg sjølv har teke initiativ til å få utgjeve 8 ulike heilark som no er å finna i butikkar rundt om i Hordaland. Dei er teikna av tekstilkunstnaren Torunn Halseid Marø ifrå Haugesund.

Det er også på marknaden ein serie med papirdokker i vakre bunader. Desse er blitt særst populære både her til lands og i utlandet.

Ynskjet mitt for framtida er at papirdokkene atter skal få ein velfortent plass i leiken til borna. Eg arbeider i skulefritidsordninga ved ein skule her i kommunen, og her har borna stor glede av å leika med papirdokker. Ikkje minst kosar dei seg med teikning, fargelegging og klypping.

Stolte viser dei fram dei ferdige papirdokkene som dei har lagt så mykje arbeid ned i, og så er leiken i gang for ein ny generasjon.....

Blomar og planter
i store parti
me kjøper og sel
frå vårt gartneri.

Os Lystland  GARTNERI

SKEIE - Tlf. 56 30 55 10 Fax. 56 30 62 15

DISTRIKTET SITT EIGE FORSIKRINGSSELSKAP

Hos oss kan du få dekket dine
totale forsikrings- og lånebehov

Ta kontakt med oss!



**Gjensidige
NOR**

OS

Tlf.: 56 57 20 00



Bli abonnent du òg!

Her finn du
SISTE NYTT
om det som hender
i heimbygda di!

OS & FUSA POSTEN

Postboks 273 – 5203 Os
© 56 30 29 50 – Faks 56 30 24 77
E-post: post@osogfusa.no
www.osogfusa.no

OSELVERE I GULL OG SØLV



GULL

Lite smykke m/kjede	790,-
Stort smykke m/kjede	1690,-
Liten slipsknapp	690,-
Stor slipsknapp	1590,-

SØLV

Lite smykke m/kjede	150,-
Liten slipsknapp	98,-
Stor slipsknapp (1000)	150,-

Alt produsert på eget verksted

Os Sentrum
56 30 04 84



Amfiseretret
Flåten - Os
56 30 04 84

Roser Gartneriutsal

Erling og Terje Lunde - Gartneri
5200 Os - Telefon: 56 30 40 70
Mob. Terje: 913 56 711



OS SERVICESENTER A/S

SHELLSTASJONEN
5200 OS

DIESEL/FYRINGSOLJE-UTKJØRING
EU-KONTROLL - DEKK - OLJE
AUT. VERKSTED

Tlf. 56 30 04 92/56 30 31 90 – Fax 56 30 31 99



Norges ledende farge- og interiørkjede

A.S OS FARGEHANDEL INTERIØREN

Steinneset - 5200 Os
Telefon: 56 30 03 80 - Telefax: 56 30 14 72

HVOR SOM HELST - NÅR SOM HELST

**Gaia har turbusser til
alle formål**

KONFERANSER

DAGSTURER

BLÅTURER

JULEBORD

MØTER

KURS



Ring oss direkte på telefon
55 55 44 54 eller 55 55 44 84
e-post: gaiareiser@gaiatrafikk.no



Gaia Trafikk AS, Postboks 7405, 5020 Bergen



Varme- & Bad-butikken din på Os Engevik Rørleggerservice.

Landboden, 5200 OS
Tlf. 56 57 60 90 - Fax 56 57 60 91
Mobil 90 78 68 98





Ola Hjelle dekorerte mange hus for velstående bergensarar, men Isdahl-huset må sjåast som noko av eit hovudverk for treskjeraren frå Os. Så har han då og signert det grundig og utan småltenskap. Sjå på søyletoppane (kapitela) ved døra. Ornamentet her skal lesast "OH".